

---

Saksnr: 2021/2165-1  
Saksbehandlar: Susan Husabø, Tor Ivar Sandvik

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		17.02.2021

**Lokal forskrift om inntak og formidling - tredje justering av nærskulematrisa - januar 2021**

## Forslag til vedtak

1. Søkarar frå Gloppen kommune, postnummer 6829 og 6831 Hyen får nærskulepoeng også til Mo og Øyrane vgs og Hafstad vgs
2. Søkarar frå Bremanger kommune, postnummer 6721 og 6723 får nærskulepoeng også til Mo og Øyrane vgs og Hafstad vgs
3. Søkarar frå Askvoll kommune, postnummer 6986 Værlandet og 6987 Bulandet får ikkje nærskulepoeng til alle skulane i Vestland fylkeskommune.
4. Tilleggspoeng gitt av ein skule ved søking til utdanningsprogrammet idrettsfag, gir ikkje nærskulepoeng til søkarar til andre nærskuleområde.

## Samandrag

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok i møte 3.11.2020 (PS-sak 54/20) og 15.12.2020 (PS-sak 75/2020) justeringar av nærskulematrisa, datert 12.10.2020. Fylkesdirektøren legg fram forslag til justeringar av nærskulematrisa.

Fylkesdirektøren har motteke fleire spørsmål om endringar av nærskulematrisa og tilpassingar av modellen etter at hovudutval for opplæring og kompetanse handsama justeringar i møte 15.12.2020. Innspela vert omtalt og drøfta i denne saka. Søknadsfristen for dei som ikkje hadde frist 1.2.2021, går ut 1.3.2021. Å nå ut til alle søkarane med prinsipielle endringar i løpet av dei siste tolv dagane er ikkje mogeleg.

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

Øivind Høines  
seksjonsleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok i møte 3.11.2020 (PS-sak 54/20) og 15.12.2020 (PS-sak 75/2020) justeringar av nærskulematrisa. Justeringane vart gjort på bakgrunn av innspel etter fylkestinget si handsaming av lokal forskrift om inntak og formidling (PS-107/2020).

Etter 15.12.2020 har det kome nye spørsmål om endringar. Det er både spørsmål om endringar av nærskulematrisa og spørsmål knytt til nærskulepoeng ved søking til vg1 idrettsfag.

### Vedtakskompetanse

Fylkestinget gav i handsaming av sak 107/2020 «Lokal forskrift om inntak og formidling» hovudutval for opplæring og kompetanse mynde til å vedta justering av nærskulematrisa.

### Innkomne innspel

- a) Hyen skule i Gloppen kommune ber om at elevane som frå skulen også får nærskulepoeng til dei vidaregåande skulane i Førde.
- b) Bremanger kommune og ungdomsråd dei ber om at elevane frå Bremanger også får nærskulepoeng til dei vidaregåande skulane i Førde.
- c) Askvoll kommune, elevrådet ved Bulandet skule ønsker nærskulepoeng til alle dei vidaregåande skulane i fylket, sidan dei uansett på flytte på hybel på grunn av reisetid.
- d) Spørsmål om nærskulepoeng til vidaregåande skule med idrettsfag som ikkje omfattar av toppidrettssatsinga.

Per 31.1.2021 var det 4571 søkarar til vg1 ved fylkeskommunale skular. Desse siste fire innspela er resultat av at søkarane først no ser konsekvensar av nærskulen, når dei skal søke. Innspel a) er på linje med fleire vedtekne mindre justeringar, for å ta i vare søkarar i grenseområde. Innspel b) kan kanskje vere ei mindre justering, eventuelt er det eit prinsipielt spørsmål knytt til ein heil kommune. Dei to siste innspela vurderer fylkesdirektøren til å vere av meir prinsipiell karakter.

### Vurderingar og konklusjonar

#### a) Hyen skule i Gloppen kommune

Hyen skule i Gloppen kommune ber om at elevane som frå skulen også får nærskulepoeng til skulane i Førde. Elevane har tidlegare fått nærskulepoeng til Flora vgs. Skulen peikar på at for elevar som bur oppover langs FV 615 er det om lag same avstand til Sandane som til Florø og Førde, dvs. i reisetid er det same avstand til Førde som til Florø. Skulen informerer om at fleire foreldre jobbar i Førde, noko som gir elevane betre høve til dagpendling. Denne utvidinga av nærskuleområdet vil omfatte to til fire elevar årleg.

Fylkesdirektøren rår til at elevar frå Hyen skule får nærskulepoeng også til Hafstad og Mo og Øyrane vidaregåande skular i Førde.

#### b) Bremanger kommune

Bremanger ungdomsråd har, i lag med ordføraren sendt eit innspel, der dei ber om at elevane frå Bremanger også får nærskulepoeng til dei vidaregåande skulane i Førde. Bremanger kommune høyrer til Nærskuleområde 8, Nordfjord. Førde har alltid vore skulestad for deler av kommunen, særleg elevar med postnummer Svelgen. I arbeid med grunnlag for dimensjonering på vg1 i tidlegare Sogn og Fjordane, delte ein avgangselevane frå Bremanger mellom Sunnfjord og Nordfjord. Tal frå inneverande skuleår viser at 7 av 20 elevar på vg1 med postnummer Svelgen går på skule i Førde. På vg1 frå resten av kommunen er det ingen som går ved skulane i Førde,

dei går ved dei fire skulane i Nordfjord. Totalt er det 19 elevar frå kommunen som i år går på dei to skulane i Førde, 16 av dei har postadresse Svelgen.

I møte 15.12.2020 handsama utvalet eit framlegg som kom i møte. Det var på vegne av Gloppen kommune som ville at søkarar frå heile kommunen skulle få nærskulepoeng til skulane i Førde. Etter tidlegare justering av matrisa har søkarane frå Gloppen kommune, postnummer 6826 Byrkjelo og 6827 Breim fått nærskulepoeng til skulane i Førde. Etter munnleg orientering frå fylkesdirektøren vedtok utvalet å ikkje gi heile Gloppen kommune nærskulepoeng til skulane i Førde.

Bremanger kommune ønskjer at alle søkarane frå kommunen får nærskulepoeng til dei vidaregåande skulane i Førde. Fylkesdirektøren si vurdering er at søkarar frå Bremanger kommune, postnummer 6721 og 6723 Svelgen får nærskulepoeng til skulane i Førde. Ved denne avgrensinga vert kommunane Gloppen og Bremanger handsama på same vis, noko fylkesdirektøren ser som vesentleg.

Fylkesdirektøren rår til at søkarar frå Bremanger kommune, postnummer 6721 og 6723 Svelgen, får nærskulepoeng også til skulane i Førde, Hafstad vgs og Mo og øyrane vgs.

c) Elevrådet ved Bulandet skule i Askvoll

Elevrådet ved Bulandet skule i Askvoll har kome med innspel om at dei meiner dei bør få nærskulepoeng til alle skulane, sidan elevane her frå uansett bur på hybel grunna reisetid. Elevane brukar tre timar i reisetid tur/retur Dale vgs, som er nærskulen. Bulandet skule har inneverande år 13 elevar frå 8.-10 klasse og 21 elevar frå 1.-7. klasse. Skulen dekkjer Værlandet og Bulandet, ei øygruppe som ligg ca. 1 time med ferje frå Askvoll sentrum.

Elevrådet sitt argument er at elevar som t.d. ønsker vg1 helse- og oppvekstfag, vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag og vg3 påbygging til generell studiekompetanse, må flytte og byte hybel alle tre åra. Dale vgs har vg1 helse- og oppvekstfag og vg3 påbygging til generell studiekompetanse, men på vg2 tilbyr skulen helsearbeidarfag, ikkje vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag. Dei ønsker å ha høve til å søke vidaregåande skule som gjer det unødvendig å byte av hybel og skulemiljø.

Fylkesdirektøren ser argumentet til elevane, der nærskulemodellen i nokre tilfelle fører til at skuleønske og nærskule slår svært uheldig ut.

Å tilrå fritt skuleval til alle søkarar som må flytte på hybel for å få vidaregåande opplæring, er ikkje ei løysing som har vore framme tidlegare i prosessen. Fylkesdirektøren har ikkje full oversikt over kor elles i fylket det er elevar som kan vere i same situasjonen. Kor lang veg, i tid eller avstand som blir rekna som akseptabelt varierer. Vi veit at deler av elevgruppa frå Aurland pendlar til og frå Sogndal, medan andre bur på hybel. Tilsvarande er det oppe i Lærdalsdalen, der elevar bur innafor eller utafor grensa for dagpendling til Sogndal eller Årdal.

Som nemnt innleiingsvis var det over 4500 som hadde søkt til vg1 per 31.1.2021, og det er ikkje mogeleg å nå ut med informasjon om endra grunnlag for søking, verken til dei som har søkt, eller til dei som framleis vil ha tida frå 17.februar til 1. mars til å søke.

Det er fylkesdirektøren si vurdering at dersom ein skal greie ut spørsmål om nærskulepoeng på grunnlag av behov for flytting, må det gjerast ei meir omfattande analyse enn det er rom for å gjere per no.

Fylkesdirektøren rår difor ikkje til at søkarane frå Værlandet og Bulandet får nærskulepoeng til alle nærskuleområda.

d) Spørsmål om å få nærskulepoeng på grunnlag av idrettsprestasjonar.

Frå og med søking til skuleåret 2021/22 er det nye reglar for inntak til toppidrettstilbodet via Olympiatoppen Vest (OLTV). Om ein kvalifiserer som toppidrettsutøvar og sjølv inntaket til vidaregåande skule vert skilt. Fylkesdirektøren har definert skulane som er ein del av det spissa idrettstilbodet i regi av OLTV. Det er skulane Tertnes og Amalie Skram vidaregåande skular, Voss gymnas, Sogndal vgs, Hafstad vgs og Åsane vgs (knytt til byggfag). Idrettsutøvarar som blir godkjente av OLTV blir tildelt nærskulepoeng dersom dei ikkje kjem frå nærskuleområda skulane ligg i.

Det har kome spørsmål frå ein far til ein søkar som driv aktivt i ein idrett. Miljøet i denne idretten, der guten reiser på trening per no, ligg i anna nærskuleområde enn guten høyrer til. Det er ein skule med idrettsfag i guten sitt nærskuleområde. Spørsmålet er om han får nærskulepoeng til skulen eksisitetande idrettsmiljø er knytt til.

Det er sju skular i Vestland fylkeskommune som tilbyr utdanningsprogrammet idrettsfag, i tillegg til dei som er omfatta av toppidrettssatsinga. I arbeidet med retningslinene for toppidrettssatsinga vurderte ein også om tilleggspoeng fastsett av skule ( Tilleggspoeng er RS-sak i møte 17.2) kunne gi nærskulepoeng.

Etter fylkesdirektøren sitt syn vil ei slik ordning ha fleire konsekvensar:

- Søkarar som får tilleggspoeng vil få fritt skuleval. Særleg dersom skular må prioritere mellom søkarar som skal få tilleggspoeng, fordi skulen berre kan ta inn 50 % med tilleggspoeng, vil skjønnsutøvinga spele ei rolle. Nesten like gode utøvarar vil bli handsama ulikt.
- Nærskulepoeng på grunnlag av tilleggspoeng til søkarar utanfor nærskuleområde, betyr at enno fleire søkarar frå området blir skyvd ut.
- Søkarar til utdanningsprogrammet musikk, dans og drama kan også få tilleggspoeng (inntil 50% av plassane), og det vil bli oppfatta som urimeleg å ikkje handsame desse utdanningsprogramma likt.
- Det vil, som omtalt tidlegare, ikkje vere mogeleg å nå ut med endringar til alle søkarane så langt ute i søkeperioden. Per 29.1.21 var det 208 som hadde vg1 idrettsfag som første ønske og 114 som hadde musikk, dans og drama som første ønske.

Fylkesdirektøren si vurdering er at tilleggspoeng på grunnlag av idrettsprestasjonar tildelt frå ein skule ikkje bør føre til nærskulepoeng for søkarar til andre nærskuleområde. Den konkrete søknaden gjeld søkar frå nærskuleområde 5- Indre Sogn som søker om nærskulepoeng ved søking til Firda vgs i nærskuleområde 8- Nordfjord. Søknaden blir soleis ikkje imøtekomen.

#### Konklusjon

Etter kvart som søkarar har sett konsekvensar av nærskulemodellen som slår uheldig ut for den enkelte, har det kome innspel med ønske om tilpassingar. Der tilpassingane er justeringar i grenseområde eller andre små lokale tilpassingar, har fylkesdirektøren tilrådd endringar.

I denne saka er innspelet omtalt som a) slike mindre justeringar, og innspelet b) er omarbeidd til ei mindre justering ved å tilrå at berre søkarar frå deler av Bremanger kommune får nærskulepoeng til skulane i Førde.

Innspela omtala som c) og d) vil, etter fylkesdirektøren si vurdering, gi konsekvensar av prinsipiell karakter, då det vil omfatte fleire søkarar enn dei som per no har søkt. Fylkesdirektøren er oppteken av at konsekvensane av nærskulemodellen må bli oppfatta som like for alle, sjølv om ikkje alle oppfattar avgrensingane som rettferdige.